



Forskrift om utslepp av olje- og feithaldig avløpsvatn, Fjell kommune, Hordaland

Dato	FOR-2017-06-15-1427
Ikrafttredelse	01.01.2018
Gjelder for	Fjell kommune, Hordaland
Hjemmel	LOV-1981-03-13-6-§9, FOR-2004-06-01-931-§15a-4 og FOR-2004-06-01-931-§15-6
Kunngjort	21.09.2017 kl. 15.00
Korttittel	Forskrift om utslepp av olje- og feithaldig avløpsvatn, Fjell

Kapitteloversikt:

Kap. 1. Innleiande føresegner

Kap. 2. Verkeområde

Kap. 3. Generelle føresegner

Kap. 4. Krav til olje- og feittutskiljarar

Kap. 5. Krav som gjeld prøvetaking og analysar

Kap. 6. Krav som gjeld tömming, drift, vedlikehald og dokumentasjon

Kap. 7. Beredskap mot akutt forureining

Kap. 8. Gebyr

Kap. 9. Ikrafttreding

Kap. 10. Klage

Heimel: Fastsett av Fjell kommunestyre 15. juni 2017 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 15A-4 og § 15-6.

Kap. 1. Innleiande føresegner

§ 1-1. Føremål og konsekvensar

Lokale forskrift om utslepp av olje- og feithaldig avløpsvatn skal sikre at olje og feitt vert fjerna ved kjelda, og at olje- og feittutskiljarar vert drifta rett slik at dei verkar etter føremålet. Forskrifta gjeld både for påslepp til offentleg avløpsnett og utslepp til resipientar.

§ 1-2. Definisjonar:

- 1) *Avløpsvatn:* sanitært og industrielt avløpsvatn og overvattn.
- 2) *Overvatn:* nedbør og smeltevatn frå t.d. vegar, plasser, terrenge og takflater.
- 3) *Oljehaldig avløpsvatn:* avløpsvatn som inneholder motorolje, smørefeitt, parafin, white-spirit, bensin eller liknande.
- 4) *Feithaldig avløpsvatn:* avløpsvatn som inneholder vegetabilsk og animalsk feitt.
- 5) *Frityrfeitt:* feitt som vert brukt til å frittere mat.

- 6) *Separatsystemet*: sanitært og industrielt avløpsvatn er skilt vekk frå overvatn med eige leidningsnett.
- 7) *Heimelshavar*: eigaren//festaren av eigedomen/bygget der ein olje- eller feittutskiljar er plassert.
- 8) *Avløpsnett*: Eit transportsystem som samlar opp og transporterar avløpsvatn frå bustadhus eller andre bygningar med innlagt vatn.
- 9) *Recipient*: mottakar av forureininga. Dette kan vere sjø, vatn, vassdrag, m.m.
- 10) *Sanitært avløpsvatn*: avløpsvatn som hovudsakleg skriv seg frå stoffskiftet til menneske og frå hushaldsaktivitetar, inkludert avløpsvatn frå vassklosett, kjøken, bad, vaskerom og liknande.
- 11) *Verksemder*: brukar av olje- og feittutskiljarar.
- 12) *Innemiljø*: område under tak som ikkje er påverka av nedbør og/eller overvatn.
- 13) *Utemiljø*: område ute som er påverka av nedbør og/eller overvatn.

Kap. 2. Verkeområde

§ 2-1. *Oljeutskiljarar*

Føresegnene gjeld for verksemder som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn, til dømes:

- 1) Bensinstasjonar
- 2) Vaskehallar for køyretøy
- 3) Motorverkstader
- 4) Bussterminalar
- 5) Verkstader og klargjeringsentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell
- 6) Garasjeanlegg med tilgang til vatn og moglegheit for å vaske bilar inne i garasjen.

§ 2-2. *Feittutskiljarar*

Føresegnene gjeld for verksemder som har utslepp av feithaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett, til dømes:

- 1) Restaurantar
- 2) Kafear/konditor
- 3) Catering/ferdigmatprodusentar
- 4) Gatekjøken/kioskar
- 5) Kantiner
- 6) Slakteri
- 7) Margarin- og matoljeindustri
- 8) Kjøtforedlingsbedrifter
- 9) Hermetikkindustri
- 10) Bakeri
- 11) Meieri
- 12) Friteringsindustri
- 13) Røykeri
- 14) Matbutikkar med steike-/grillavdeling.

Større konsentrerte feitmengder, til dømes frityrfeitt, må ikkje leiast til utskiljaren. Frityrfeitt må ein samle opp og levere til eit godkjent mottak.

Kap. 3. Generelle føresegner

§ 3-1. *Ansvarleg for olje- og/eller feittutskiljarar*

Utslepp av olje- og/eller feithaldig avløpsvatn og installering av olje- og/eller feittutskiljarar er eit søknadspliktig tiltak som skal godkjennast av Fjell kommune. Søknad skal sendast til Fjell kommune.

Dette gjeld for ny verksemder, eksisterande verksemder og bruksendringar av eksisterande bygg.

§ 3-2. *Krav om loyve*

Ingen kan setje i verk nye utslepp eller auke utslepp vesentleg utan at det er gjeve løyve etter denne forskrifta.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gang seinast tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet vert stansa i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet bort.

§ 3-3. *Søknad om løyve*

Ved etablering av nye utslepp eller vesentleg auke av eksisterande utslepp av feitt- og/eller oljehaldig avløpsvatn, skal den ansvarlege syte for at det er fylt ut ein fullstendig søknad som inneholder dei opplysningsane sett i forurensningsforskriften § 15-4, pkt. 1–3. Søknad skal sendast Fjell kommune på skjema som ligg på kommunen si heimeside.

§ 3-4. *Tegningsgrunnlag*

Ved etablering av ein ny utskiljar eller nytt utslepp av olje- og/eller feithaldig avløpsvatn skal det sendast inn dokumentasjon til Fjell kommune med generelle opplysningar og teikningar som viser plasseringa til utskiljaren og/eller utsleppspunktet.

§ 3-5. *Fjell kommunen sin rett til kontroll*

Fjell kommune skal ha uhindra tilgang til eigedomar der forureining kan oppstå eller har oppstått. Kommunen kan krevje å få lagt fram og å få granske dokument og anna materiale som gjeld olje-/feittutskiljaranlegg og drifta deira.

§ 3-6. *Nedlegging*

Dersom verksemda vert lagd ned eller stansa, skal Fjell kommune ha melding om dette seinast ein månad før.

Oljeutskiljaranlegg som vert tekne permanent ut av bruk, skal gravast opp og leverast til eit godkjent avfallsmottak. Dokumentasjon på utført arbeid skal sendast inn til Fjell kommune, via Fjellvar as. Avløpsleidningar skal pluggast i forgreiningspunktet. Alle sluk som har drenert til oljeutskiljaranlegget, skal pluggast.

§ 3-7. *Eigarskifte*

Dersom verksemda vert overdregen til ein ny eigar, skal Fjell kommune ha melding om dette seinast ein månad før eigarskiftet.

§ 3-8. *Kostnader*

Dersom verksemda sitt avløpsvatn fordyrar eller har ein uheldig verknad på drifta av Fjellvar as sitt vass- eller avløpsnett, kan verksemda bli fakturert for kostnadene ved retting, utbetring og/eller reparasjonar.

§ 3-9. *Tvangsmulkt*

For å sikre at føresagnene i denne forskriften vert gjennomførte, kan kommunen gjere vedtak om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73, jf. forurensningsforskriften § 41-6.

Kap. 4. Krav til olje- og feittutskiljarar

§ 4-1. *Tilknyting til avløpsnettet*

Feithaldig avløpsvatn som inneholder sedimenterbart materiale, skal passere ein slamavskiljar før det går inn på feittutskiljaren. Avløpsvatn med raskt rotnande sedimenterbart materiale skal ikkje passere ein slamavskiljar. Dette er for å unngå rotning. Grovare partiklar skal fjernast med ei innløpsrist før feittutskiljaren.

Oljehaldig avløpsvatn skal før utskiljaren passere eit sandfang eller ei liknande reinseinnretning dimensjonert for maksimal reell vassmengd.

Alkalisk reagerande feitt-/oljehaldig avløpsvatn skal nøytraliserast før det vert leia til utskiljaren.

Dersom avløpsnettet er laga etter separatsystemet, skal avløp frå olje- og/eller feittutskiljarar i innemiljø knytast til avløpsnettet. Avløpsvatn frå utedørs skal knytast til overvasssystemet. Til dømes skal oljeutskiljarar frå garasjer knytast til avløpsnettet medan vaskeplassar i utedørs skal knytast til overvasssystemet.

§ 4-2. Sanitæravløpsvatn og overvatn

Det er ikkje tillate å føre sanitært avløpsvatn til olje- og feittutskiljarar.

§ 4-3. Forholdet til utsleppskrav fastsette av Fylkesmannen eller Miljødirektoratet

For verksemder som har eigne utsleppsløyve frå anten Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, skal desse krava kome i tillegg til krava som kommunen stiller. Etter forureiningslova § 7 skal verksemda unngå forureining som ikkje er naudsynt, sjølv om krava frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen vert haldne.

Denne paragrafen gjeld òg for dei komponentane som ikkje er regulerte av Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, eller dersom ny teknologi gjer det mogleg å seinke utsleppet endå meir utan urimelege kostnader for verksemda.

§ 4-4. Krav til avløpsvatnet

Oljeinnhaldet i utløpet frå oljeutskiljarar ved utslepp til avløpsnettet skal ikkje overstige 50 mg/l målt som totale hydrokarbon. Temperaturen ut frå oljeutskiljarar skal ikkje overstige 45 °C.

Oljeinnhaldet i utløpet frå oljeavskiljarar ved utslepp til recipient skal ikkje overstige 5 mg/l målt som totale hydrokarbon. Temperaturen ut frå oljeutskiljarar skal ikkje overstige 45 °C.

Feittinhaldet i utløpet frå feittutskiljarar skal ikkje overstige 150 mg/l målt som totale hydrokarbon. Temperaturen ut frå feittutskiljarar skal ikkje overstige 30 °C.

§ 4-5. Krav til bruk av vaske- og avfeittingsmiddel

Verksemda skal gå i dialog med kjemikalieleverandørane og eventuell annan kompetanse på området for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på å redusere olje- og feittutsleppa. Nokre vaskekjemikaliar kan redusere reinsefunksjonen til olje-/feittutskiljaranlegget. Slike må ikkje brukast.

§ 4-6. Utforming

Materiala og utforminga av utskiljarane skal tilfredsstille dei gjeldande krava i Norsk Standard.

Det er verksemda som er ansvarleg for at sandfang og olje- eller feittutskiljar, eller eventuelt anna godkjent utstyr, er dimensjonert etter den belastinga som reelt er tenkjeleg.

§ 4-7. Inspeksjons- og kontrollkum

Rett nedstraums for utskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gjer det mogleg å ta prøver av avløpsvatnet. Det skal installera prøvetakingskummar på eksisterande oljeutskiljarar.

Kummen skal vere tilgjengeleg for inspeksjon til ei kvar tid.

Kap. 5. Krav som gjeld prøvetaking og analysar

§ 5-1. Prøvetaking og analysar

Det skal utførast representative målingar for oljeutskiljarar for å dokumentere kvaliteten på utsleppet til det kommunale nettet og til recipient. Før tømming skal det kvart år takast ut ein representativ prøve frå inspeksjons-/kontrollkummen. For større verksemder eller utskiljarar med høg belasting eller omfattande kjemikaliebruk kan Fjell kommune krevje at det blir teke fleire prøvar.

For feittutskiljarar skal prøvar av temperatur ut frå utskiljaren gjennomførast ved full drift. Fjell kommune kan krevje at det skal takast representative prøvar frå inspeksjons-/kontrollkummen, jf. første avsnitt.

Kap. 6. Krav som gjeld tømming, drift, vedlikehald og dokumentasjon

§ 6-1. Tømming

Regelmessig tømming og reingjering er avgjerande for at olje- og feittavskiljarar skal vere effektive.

Verksemda skal inngå ein tømmeavtale med eit tømmefirma om regelmessig tømming tilpassa verksemda sitt behov. Det skal finnast ein gyldig tømmeavtale til ei kvar tid. Fjell kommune kan gje pålegg om endring av tømmefrekvensen dersom naudsynt.

Opplysningar om datoene for kvar tømming og kven som utførte tømminga, skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

Oljeutskiljarane skal tömmast minst ein gong kvart år, og elles når det måtte vere naudsnyt for å halde utsleppskravet, jf. § 4-4 Krav til avløpsvatnet. Olje som blir samla opp i oljeutskiljaren, er rekna som farleg avfall og kjem inn under avfallsforskrifta kap. 11, Farlig avfall. Verksemder kan søkje om sjeldnare tömming dersom det kan dokumenterast at tömming etter minimumskravet ikkje er naudsnyt. Dokumentasjonen skal innehalde dimensjonskontroll av utskiljaren og analyserapporter for olje i utløpsvatnet, samt akkumulert oljemengde i utskiljar og akkumulert mengde slam i sandfang.

Feittutskiljarar skal tömmast 3-12 gonger per år. Verksemder kan søkje om sjeldnare tömming dersom det kan dokumenterast at tömming etter minimumskravet ikkje er naudsnyt. Dokumentasjonen skal innehalde dimensjonskontroll av utskiljaren og analyserapport for feitt i utløpsvatnet, samt temperaturlogg og akkumulert feitmengde i utskiljaren.

§ 6-2. Drift, vedlikehald og kontroll

Oljeutskiljarane skal ha tilstrekkeleg kapasitet for å sikre nok opphaldstid til utskiljing av olje.

Feittutskiljarane skal ha tilstrekkeleg kapasitet og lav nok temperatur til å sikre nok opphaldstid for utskiljing av feitt.

Det skal gjennomførast ein årleg driftskontroll av anlegget av firma ein har inngått tømmeavtale med.

Alle reinseanleggsvolume (utskiljar, sandfang, oppsamlingstank, inn-/utløpsleidningar, etc.) skal reingjeraast årleg.

Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tömming av utskiljaren.

§ 6-3. Dokumentasjon

Tømmeoperatøren skal sende inn tømmerrapportar for olje- og feittutskiljarar til Fjell kommune, via Fjellvar.

Kap. 7. Beredskap mot akutt forureining

§ 7-1. *Førebygging av akutte utslepp*

Verksemda har plikt til å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutt forureining.

Det skal vere rimeleg samsvar mellom beredskapen og sannsynet for akutte skadelege utslepp til avløpsnettet og omfanget av dei skadane og ulempene det kan føre med seg. Beredskapsrutinane skal inngå i verksemda sitt internkontrollsysteem for helse, miljø og tryggleik og skal dokumenterast.

§ 7-2. *Varslingsplikt*

Dersom det skulle oppstå akutte utslepp som følgje av verksemda sine aktivitetar, skal Fjell kommune varslast med ein gong. Verksemda vil vere økonomisk ansvarleg for konsekvensar av akutte utslepp.

Kap. 8. Gebyr

§ 8-1. *Gebyr for handsaming av søknad*

Gebyr for handsaming av søknad om utslepp frå olje- og feittutskiljarar er heimla i forurensningsloven § 52a. Gebyrstørleik vil gå fram av lokal forskrift om kommunale gebyr, og vert revidert årleg.

§ 8-2. *Gebyr for tömming, tilsyn og kontroll*

I samsvar med forurensningsloven § 34 skal kommunen fastsetje gebyr som dekker alle kostnader som Fjell kommune/Fjellvar har med å tömme olje- og feittutskiljarane og ta hand om slammet.

Fjellvar kjem med framlegg om gebyrstørleik til Fjell kommune ein gong kvart år. Kommunestyret vedtek gebyrregulativ og fastset gebyr.

For nye kundar vert gebyret rekna frå og med den 1. i månaden etter at Fjellvar har fått melding frå røyrliggjar om at utskiljar er etablert. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til siste dag i den månaden utskiljaren eventuelt vert fråkoppa.

§ 8-3. *Innkrevjing av gebyr og renter*

Gebyr for sakshandsaming, tömming, tilsyn og kontroll, med tillegg av renter, er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndriving av gebyr, gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarende. Fjell kommune/Fjellvar fakturerer kvar einskild verksemde. Heimelshavaren til eideomen er ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald, men då først etter at han har fått naudsynt varsling.

Kap. 9. Ikrafttreding

§ 9-1. *Ikrafttreding*

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2018.

Kap. 10. Klage

Vedtak som er fatta i medhald av denne forskriften kan påklagast til den kommunale klagenemnd. Klage skal sendast Fjell kommune.